



Notat

Dato: 21.09.2016
Arkivsak: 2016/412-24
Saksbehandlar: knudjuv

Til: Utval for miljø og samferdsel

Frå: Fylkesrådmannen

Svar på spørsmål om studentrabatt

I møtebok frå Misa 6. september 2016 er det teke inn følgjande spørsmål frå representanten Gustav Bahun (Frp):

«Har administrasjonen planar om å utvida ordninga med studentrabatt på kollektiv ut over den aldersgrensa som er i dag.

Det er svært diskriminerande at studentar over denne grensa vært behandla ulikt med andre studentar i 100 % studiar.»

Ordninga med studentrabatt på kollektivreiser er ei nasjonal ordning som skal «bidra til å gjere kollektivtransport meir attraktiv for ungdom for dermed å skape gode reisevaner for denne målgruppa for framtida.» (regjeringen.no). I Hordaland er aldersgrensa for studentrabatt sett til 32 år, dette er høgare enn dei nasjonale retningslinene på 30 år, som mellom anna vert praktisert av Ruter i Oslo og Akershus. Det vert løyvd statlege middel til ordninga for «å dekke kostnadene ved at studentar og skulelevar inntil 30 år får 40 prosent rabatt i forhold til den gjeldande periodekortprisen for vaksne på tilskotsberettiga kollektivtrafikk, samt NSB.» (regjeringen.no)

I Statens vegvesen si Handbok v821 har ein under nasjonale retningslinjer for kundekategoriar følgjande definisjon: «Student - Heiltidsstudent ved høgskule eller universitet mellom 19 og 30 år (f.o.m. fylte 19 år t.o.m. den månaden ein fyller 30 år).»

Den einskilde fylkeskommune kan velje å praktisere ei ordning som er betre enn føringane frå staten, noko som er gjort i Hordaland. I Vegdirektoratets anbefaling, «På veg mot nasjonalt takstsystem» frå 18. mai 2015, heiter det om studentkategorien: «Den aldersbegrensninga på 30 år som er brukt i Samferdselsdepartementets forordningar foreslås beholdt inntil vidare. Dette både på grunn av at det skal være forholdsvis enkelt å kontrollere og på grunn av at de fleste avsluttar heiltidsstudiar innan dei er 30 år.»

Administrasjonen har på bakgrunn av dei nasjonale retningslinjene ikkje tenkt å tilrå at ein utvider ordninga med studentrabatt i Hordaland ved å auke aldersgrensa.